

Krisesentertilbud i Seljord kommune

ID:1338 **Versionar** **Forfattar:**HO, Kommunalsjef (Opedal, Lillian Olsen) **Godkjent**

av:Adm, Rådmann (Berge, Frid) **Sti mot**

godkjenning

Status:publisert **Oppretta:**1. jul. 2020 **Sist endra:**10. aug.

2020 **Revidert:**10. aug. 2020 **Neste revisjon:**10. aug. 2021 (HO, Kommunalsjef (Opedal, Lillian Olsen)) **Endringsnivå:**Revisjon **Utgåver:**1 **Losenlenkje:**5052x1338 **Søkeord**Krise - krisesenter - vald - truslar

Føremål

Krisesenter er eit lovpålagt tilbod som kommunen skal tilby sine innbyggjarar. Kommunane i Telemark har gått saman om å organisere sitt krisesentertilbud i Skien.

Tilbudet skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nærer relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod.

Omfang/Virkeområde

Krisesentert skal gi brukarane støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontak med andre delar av tenesteapparatet. Tilbudet skal omfatte:

- eit gratis heildøgns tilbod som er ope heile året
- eit trygt mellombels butilbod og eit gratid dagtilbod
- eit heilårs og heildøgns tilbod der det er mogleg å få rettleiing per telefon og oppfølging i reetableringsfasen.
- Det skal ikkje vere naudsynt med tilvisning eller timeavtale.
- Butilbod til kvinner og menn skal vere fysisk skilde.

Krisesenteret i Skien har desse tilboda:

- Botilbod
- Dagtilbod
- Gruppebehandling (traumebevisst psykoedukasjon)
- Foreldrerettleiing (COS-P)
- Yogagruppe

Krisesenteret har særskilte tilbod til born og ungdom:

- Gruppebehandling
- DINO-skolen
- Yogagruppe

Ansvar

Kommunen har ansvar for krisesenter tilbudet og er regulert av ei samarbeidsavtale om krisesenter i Telemark. Samarbeidet har eksistert sida 1985. Samarbeidsavtala vart sist revidert 11. mars 2015. Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid der Skien kommune er vertskommune. Skien kommune har ansvar for eininga si drift, organisering og dei tilsette.

Dei samarbeidande kommunane vert representert gjennom eit samarbeidsråd som består av valte representatar frå Vest-Telemark, Aust-Telemark, Midt-Telemark og Nedre Telemark. Representanten for Vest-Telemark er frå mai 2020: Anne Veum (Fyresdal kommune), Olav Kåsa (Kviteseid kommune) er vara.

Kommunane skal ha oppnevnt ein kontaktperson i kommunen. I Seljord kommune er det: frå 2020 kommunalsjef for helse og omsorg.

Aktivitet/skildring

Den einskilde kan ta kontakt med krisesenteret i Skien for å få hjelp, støtte og eit mellombels butilbod om dei vert utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Det skal ligge oppdatert informasjon på kommunen si nettside. I tillegg skal dei tilsette i kommunen vere kjent med tilbudet slik at de kan rettleie ein person som treng eit krisesentertilbod. Det gjeld særskild tilsette i helse og omsorg.

Krisesenteret kan nås på døgnopen telefon på: 35 50 38 00 eller på e-post: post@krisesenteretitelemark.no.

Krisesenteret har adresse: Skotfossvegen 39, 3720 Skien.

Kompetanse

Skien kommune har ansvar for å tilsette rett kompetanse.

Lovverk

- Kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova)
- Krisesenterlova

Forskrifter